



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for Juli og August 2021.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
57



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Anne Gry Eilertsen
Visepres:	Idar Flø
Styremedlem:	Ove Midtflø
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Oskar Grimstad
Ansv.red.:	Hans Gisle Holstad
Referent:	Sverre Bjåstad

Sen August

Her kan ikke noe hende.
Det klinger en bjelle i blå, blå luft.
En sommerfjøs luter over sin tuft.
En stjerne begynner å brenne.

Se, snart tenner kvelden flere.
De stiger så engstelig bleke frem.
Men borte fra åsee under dem
Ser jeg en skog marsjere.

Den vandrer rett mot vår stue.
Først borte ved skigarden tar den en hvil.
Der står den og lener sin strenge profil
Mot himlens rene bue.

Det lakker og lir med året.
Står fjellene alt og drømmer om snø?
Nei, solvinden ligger jo ennå på kne
Og trekker rugen i håret.

Men skodden står tett over moen
Der myrullen vugger sitt silkeslør.
Å — alt er bestandig og evig som før.
Hit kan ikke komme noen!

Inger Hagerup

Referat frå Rotarymøte 9. august 2021.

Første møte etter sommarferien. President Anne Gry Eilertsen ønskte vel møtt og presenterte kva folk som skal vere i dei ulike nemndene.

Ho presenterte også **måla** sine for komande rotaryåret 21/22:

1. Rekruttere minst tre nye medlemer i klubben.
2. Setje opp leikeapparat ved gapahuken som står ved Grimstadvatn-osen.
3. Renovere første del av bad/WC på barneheimen Antoinette Meo i Peru saman med Rotary Club de Arequipa.
4. Gjennomføre minst fire dugnader langs Rotarystien. Ein av dugnadene skal vere opprydding/oppgradering ved kvernhuset.
5. Gjennomføre eit intercitymøte.



Referat frå Rotarymøte 17. august 2021.

Den nye Programnemnda hadde ikkje program til denne dagen. President Anne Gry Eilertsen innleia til ein diskusjon om kor vidt Hareid treng eit kulturhus eller ikkje.

Det var mange som tok ordet, og alle dei som sa noko, meinte at kommunen treng eit kulturhus. Enkelte minte om at ein ting var kostnadene med å byggje sjølve huset, noko anna som også måtte med i reknestykket, var komande driftsutgifter som eit kulturhus vil føre med seg.

Det var peika på at like viktig som ein sal til framføring, er det å få øvingslokale til lag og organisasjoner, og at det også burde vere ein ié å få til eit samarbeid med Hareid musikk- og kulturskule, som treng øvingslokale. Det vart kasta fram ein ide om å bygge om eit eksisterande fabrikkanlegg til «kulturfabrikk».

Referat frå Rotarymøte 23. august 2021.

Denne dagen var det ikkje ordinært klubbmøte. Hareid var vertskap for guvernørbesøket. **Guvernør Hans Olav Osbak** hadde først møte med Hareid Rotary Klubb, deretter med Ulstein og til slutt Herøy Rotary Klubb.

Klokka 20.00 var det samling for alle klubbanne i Hareid Rotary Klubb sitt møtelokale. Det var bra med folk som møtte fram for å høyre guvernør Hans Olav Osbak sine vyar for Rotaryåret 2021/22.

Referat frå Rotarymøte 31. august 2020.

Dei frammøtte medlemene kosa seg med kaffi og vaflar, denne gongen tillaga av Otto Holstad.